



Alver kommune v/ Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: deaf8f7c-ca5f-4239-81b5-
010164cb82cf
Vår: 22/6847 - 22/74274

Saksbehandlar:

Alexander Helle
alexander.helle@alver.kommune.no

Dato:

27.09.2022

Oversender søknad til uttalelse - dispensasjon frå plankrav for bustad gbnr 318/72 Sagstad øvre

Viser til søknad om riving av bygg, bruksendring og nytt bygg. Eigendomen 318/72 ligg i eit område som er under planlegging i områderegulering for Dalstø-Mjåtveitstø, plan id 125620170002. Eigendomen grensar i vest til Dalstøvegen, og det er fleire tilgrensande bebygde eigendomar i nord og aust.

Arbeidet med områdeplanen har av ulike grunnar trekt ut i tid. Truleg vil eigendomen 318/72 bli avsett til bustadområde med krav om detaljregulering (med ein tidshorisont for realisering på 20-30 år). Tilkomst- og anleggsveg til planområdet Dalstø-Mjåtveitstø kan bli plassert frå Dalstøvegen, enten som oppgradering og forlenging av eksisterande veg og avkøyrsløse sør for eigendomen 318/72, eller som ny veglinje langs sørsida av Mjåtveit industriområde (lenger nord for eigendomen 318/72).

Ein legg opp til 1. gongs sakshandsaming av områdeplanen vinteren 2022/23. Etter intern vurdering hjå tenesteområde Plan og analyse ser me ikkje grunnlag for avvise søknad om dispensasjon om plankrav for denne eigendomen. Riving, bruksendring og bygging av nytt bygg før vedtak av områdeplanen vil såleis vera på tiltakshavar sin eigen risiko. Alternativet er å vente med søknad og tiltak til det ligg føre ein godkjent områdeplan.

Med helsing
Alver kommune, Plan og analyse

Alexander Helle
Rådgjervar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hans Kristian Dolmen
Larissa Dahl

Mottakrar:

Alver kommune v/ Plan og byggesak Postboks 4

5906

FREKHAUG